

## Møtereferat

Ref. dato: 21.02.2017

Emne:	<b>Referat frå Regionalt planforum 21.02.2017 – Kvam KPA</b>	
Til stades:	Kvam herad: Jostein Ljones, Heidi Sandven Botnen, Ottar Randa, Borghild Storaas Ones, Jon Nedkvitne, Trond Inge Brakestad, Leiv Ingmar Kaale Fylkesmannen i Hordaland (FMHO): Svein Kornerud, Grete Riise, Christian Alstad Mattilsynet: Odd Tøsdal NVE Reg Vest: Toralf Otnes Fiskeridirektoratet Reg. Vest: Ingerid Bjørkevoll Hordaland Fylkeskommune (HFK): Matti Torgersen, Gunhild Raddum, Gunnbjørg Austrheim, Hanne Espe, Vibeke Lokøy, Trond Wahl, Jomar Ragnhildstveit, Eva Katrine Taule, Snorre Waage Eirik Mellesdal, Student, Voss vgs.	
Møtetid:	10.00 – 12.00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

**Møteleiar:** Eva Katrine Taule

**Referent:** Snorre Waage

**Eva Katrine Taule**, fagleiar for kommunal planlegging i HFK ønsker velkomen og orienterer om planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

### Innleiing ved Ordførar i Kvam Herad, Jostein Ljones.

#### Presentasjon ved samfunns- og utviklingssjef i Kvam Herad, Jon Nedkvitne

Viser til arealstrategiane som er forankra i kommunal planstrategi for Kvam (2012-2015) og kommuneplanen si samfunnsdel, vedteken i 2015. Kvam ønskjer å sikre integrasjon mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen, og legg arealstrategiane til grunn for det vidare planarbeidet.

- Senterstruktur: Inneheld fem senter (regionsenter og kommunesenter), tre lokalsenter og eit nærsenter. Det er lagt arealstrategiar knytt til sentera, i høve offentleg og privat tenesteyting, handel og næring, samt bustad, med mellom anna utgangspunkt i gang- og sykkelavstand frå senter. Ønskjer eit busetnadsmønster der ein baserer seg på sykkel og gange.
  - Differensierte strategiar med bakgrunn i storleik og funksjon til senter (iht senterstruktur).
- Utnyttning av LNF-område: Kommunen har som mål å skape mest mogleg arbeidsplassar. Balansere jordvern med utviklingsmoglegheiter og nye arbeidsplassar.
- Industri- og næringsareal: Ønskjer i utgangspunktet ein konsentrert utbygging knytt til eksisterande infrastruktur og utvide eksisterande næringsareal, framfor å leggje til rette for nye areal. Der utgangspunktet er lokale ressursar (t.d. sand og stein) må areala vere stadbunden.
- Funksjonell strandsone: Administrasjonen i Kvam herad har gått gjennom heile strandsona. Ønskjer at utbygging skal skje der det allereie er utbyggingar, medan der det ikkje er bygd skal ein verna strandsona.

- Akvakultur: Ønskjer å tilpasse ny arealdel etter dagens behov og praksis i næringa – dette inneber å flytte AK-areal lenger vekk frå land, og legge opp til ein struktur med færre, men større AK-anlegg.
- Gjennomgang av gamle reguleringsplanar.
- Ny veg til Tolomarka: Bustadutvikling i Tolomarka (gamal plan) er i strid med fleire arealstrategiar i kommunal planstrategi. Fleire aktivitetar og tenester i Tolomarka som er fjerna frå området for å flytta dei ned i sentrum (skule, barnehage).
- Hardangertunnel
- Massehandtering – ressurs for vidare samfunnsutvikling. Matjord skal takast vare på.

Kvam herad ønskjer attendemelding på ein del problemstillingar som er spela inn til deltakarar av planforum, og ønskjer i så stor grad som rå avklaringar med aktuelle mynde før planforslag vert sendt på formell høyring.

## **Framlegg og diskusjon**

I det vidare var det gjennomgang av arealstrategiar og tematikk knytt til desse, med diskusjon og innspel frå deltakarar i planforum.

### **Befolkningsprognosar:**

Då samfunnsdelen av kommuneplanen vart utforma var befolkningsprognosane positive, men dei nye prognosane frå HFK (2016) syner ei negativ vekst i Kvam herad.

Kvam ønskjer å utvikle seg vidare og ta del i befolkningsveksten som er venta i Hordaland.

Kommunen har teke utgangspunkt i prognosane som vart lagt til grunn i samfunnsdelen (befolkning på ca 10.000 + i 2040), i staden for ca 7.700+ i 2040 som dei nye prognosane seier. Kvam Herad ønskjer aksept for at ein legg same prognoser til grunn for arealdelen, som dei nytta for samfunnsdelen. Dette betyr eit behov for om lag 800 nye bustader innan 2040.

Ein ser at prognosane svingar. Kvam meiner til dømes at konjunktorendringane ein no ser, kan vere med å bidra til at befolkningsauken vert breiare fordelt i Hordaland - ikkje like kraftig rundt Bergen og dei ytre kommunane. Kvam har ein framtidssrette planleggingsstrategi, og ser føre seg å verte meir attraktiv som bustadområde mellom anna med bakgrunn i dette. Vi planlegg/bygger mot tettate senter, fortetting, type bustader, gang og sykkel – vert attraktive.

Innspel:

- HFK: Bekrefter at prognosane er framskrivingar som jamleg vert endra, og jo lenger fram ein framskriv desto meir usikker vert prognosane . Nye prognoser (2017) vert lagt fram nyleg, der veksten for Hordaland vart kraftig nedjustert (m.a. grunna konjunkturpåverknad og nedjustert arbeidsinnvandring). Men for Kvam er prognosane relativt like som prognosane frå 2016. Dette syner at Kvam er mindre påverka av konjunktorendringar enn en del andre kommunar i Hordaland.
- FMHO: Er opptekne av kor og korleis ein byggjar (gå, sykle, lokalisering, gode transportformar, variasjon i utbygging), og ikkje så opptekne av prognosane.

### **Akvakultur:**

Kommunen ønskjer færre og større anlegg, og samstundes at dei vert flytta lenger frå land. Kommunen ønskjer å legge til grunn nye lokaliseringskriterier.

## Innspel:

- HFK: Positivt med nye og større areal, og er einige i arealstrategiane som vert lagt til grunn.
  - Det er viktig å ha romslege ak-areal slik at anlegga ikkje kjem utanfor nye plangrenser. Ein bør ha litt «justeringslark» for å unngå dispensasjonar kvar gong ein kjem litt utafor eit område. Kommunen opplyser at areala som er teikna på kartet er nøyaktig dei areala som næringa har spela inn. Dei vil ta ein ny runde med næringsaktørane på om dei har «slingringsmonn» med i det føreslåtte areala.
  - Vurdere å ikkje fjerne alle ubrukte ak-areal, då kanskje nokon av desse kan vere eigna for nye artar, og/eller ny teknologi. Til dømes kan lukka anlegg ha behov for nærleik til infrastruktur på land.
  - Viktig at ein sikrar fortøyingsmoglegheiter kring anlegga, og at dette vert teke høgde for i arealdelen.
  - Det er ei næring som endrar seg rask og har ambisjonar om vekst. Det er difor viktig med romslege areal for å legge til rette for utvikling. Kommunen ønskjer å sikre at det er rom for vekst for næringa gjennom dette planforslaget.
  - HFK viser til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som er på avgrensa høyring p.t. Planforslaget inneheld retningslinjer for planlegging i sjø- og strandsona.
  
- FMHO: Er samd i mykje av det fylkeskommunen seier. Det er bra med gode og romslege ak-areal i kommuneplanen, både for å legge til rette for vekst der det er fornuftig, og i høve mindre endringar innafor planavklarte områder. Dette vil kunne bidra til å unngå dispensasjonar i framtida.
  - Kart: Det kan fort verte svært store areal i plankartet dersom heile fortøyingsystemet skal visast. Det viktigaste er at fortøyingsystemet ikkje kjem i konflikt med andre viktige føremål i det aktuelle området.
  - Oppfordring om å la formålsgrrensa være grensa for kva man kan utnytte. Om det skal være båttrafikk langs strandlinja, bør ein trekke ak-arealet ut frå land.
  - Fylkesmannen understreker at miljøavklaringar òg skal skje gjennom PBL, og at miljøomsyn er ein del av konsekvensutgreiinga. Kommunen understreker at dei har begrensa akvakulturfagleg kompetanse, og vil soleis gjennomføre konsekvensutgreiing med omsyn til arealavklaringar og ikkje akvakulturfaglege tema. HFK informerer at ein del av konsekvensane, som t.d. utslipp, rømming, sjukdom, lus, vert teke i vare gjennom konsesjonsprosessen. Det var her semje mellom fylkesmannen og kommunen at dei skal ha vidare direkte kontakt for avklaringar på dette området.
  
- Fiskeridirektoratet er positive til arealstrategi som er lagt til grunn for endringar for ak-strukturen. Viser til at det er fleire kaste-losseplassar som ikkje er synlege i kartforslaget, noko kommunen må ha ein ekstra gjennomgang av. Kommunen vert oppfordra til å ta direkte kontakt med Fiskeridirektoratet for dette. Direktoratet understrekar at det er viktig at det vert avklart kva som skal undersøkast etter PBL og kva som skal undersøkast etter AK-lova.
  
- Mattilsynet gjer og si tilslutning til dei overordna arealstrategiane som er føreslått for akvakulturlokalitetar i kommunen.
  
- AK-lokalitet ved Kvamsøy.
 

Det vart vist eit forslag om nytt AK-areal sør for Kvamsøy.

  - Regional kystsoneplan inneheld fleire «arealsone landskap», som er soner som inneheld særlege kvalitetar for natur, friluftsliv, kultur og landskap. Fyksesundet er eit slikt område i den regionale planen. Vil det føreslegne AK-området kome i konflikt med Regional kystsoneplan? Det er viktig å sjå effektane av AK-anlegg opp mot dei verdiane ein ønskjer å sikre.
  - Dette vil vere eit viktig punkt for FMHO. Korleis dette vert uttreda og kva som er lagt til grunn vil vere viktig i fylkesmannen sine vurderingar.

- Kommunen fortel at Kvamsøy er eit viktig areal for mellom anna friluftsliv, og området nyttast mellom anna for turisme, fiske, båtliv, bading og til speidarleir. Det er i tillegg busette på øya og eit gardsbruk i drift.
- Kommunen orienterer om at denne lokaliteten er eit ønske frå næringa.

### **Senterstruktur:**

Kor går grensene, kva kan ein tillate seg i senterområda, og kva kan ein tillate seg i randsona til senter?

- HFK: Viser til Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Kommunen må gjere ein definisjon av senterstruktur, og at kommunen definerer *sentrumsonråde* i dei ulike senterane. Dette heng til dømes saman med handelsetableringar. Det ligg sterke føringar for handelsetableringar i regional plan. Den regionale senterplanen ønsker at velfungerande og attraktive senter/sentrum skal skape vekst i heile fylket. Ein bør auke tenestetilbodet i sentrum og dei prioriterte sentera, til dømes ved å legge til rette for besøksintensive verksemdar i/tett på sentrum.

Kommunen: Det kan vere vanskeleg å skilje mellom forskjellige typer handel, som til dømes detaljhandel vs. «tyngre» handel (gravemaskinar m.m.), og kor det er riktig å lokalisere desse.

- FMHO: Fordel å unngå konfliktpotensiale. Skilje gravemaskinutsal frå der det bor mye folk og er menneskeleg aktivitet. Så får heller arbeidsreisa vere noko lenger.

Kommunen vektlegg å utvikle gode stader i sitt arbeid. Kommunen ønskjer til dømes å leggje til rette for busetting sentrumsnært, men ein må akseptere at dette tek tid. Det må vere rom både for busetting og næring for å skape gode plassar. Om regelverk vert for rigid kan dette vere til hinder for den gode stadutviklinga.

Kommunen har fokus på sentrumsutvikling i Øystese. Barnehagen lokalisert i sentrum. Dei har teke tidlegare tunnelalternativ ut av planforslaget, for å heller ta gode sentrumsgrep framføre å prioritere vegutbygging. Ein ønskjer og å «hente fram» elva og gjere den til ein del av sentrumsutviklinga. Kommunen ønskjer å knytte bustader med strandpromenaden til sentrum.

- FMHO: Lokalisering av møtepunkt og institusjonar som barnehagar, skular omsorgsbustader m.m. er det viktig å vurdere. Kva skjer med grendene om alt vert lokalisert i sentera? Kva med førehaldet mellom sentera, og mellom sentera og grendene? Dei gamle vert ofte verande igjen i grendene utan tilstrekkeleg transporttilbod. Innvandrarbarn som vert lokalisert perifert utan tilfredsstillande infrastruktur og offentleg transporttilbod kan fort falle utanfor samfunnet. Dette er også funksjonar kommunen må tenke på i arealperspektivet. Sette av areal til desse funksjonane.
  - I fortetting av sentera er det viktig å sette av plass til torg, grønstruktur, aktivitetar gjennom felles møteplassar, funksjonelle område. Det er viktig å ha dette med seg frå samfunnsdelen til arealdelen av kommuneplanen.
  - Det er viktig å ta grep for å ikkje byggje ned strandlina allereie no i arealdelen. Ein må ikkje bygge igjen mot sjø, men heller opne opp. Norheimsund godt døme på god utvikling - ha dette i tankane vidare. Det vert fort trykk på bygging av bustader i desse områda, men ikkje bygg igjen. Tenk heilskapleg på heile område – og særleg nærleik til sjø.
- HFK: Tek opp spørsmål rundt parkering i sentrum, og lurar på kva kommunen meiner er «nok» parkeringsplassar i sentrum. Det er viktig å hugse sykkelparkering.
  - Kommunen understreker her at parkeringsplassar er viktig å få til. Skal ein ha aktivitet i sentrum, må ein ha parkeringsplassar. Men kommunen ønskjer å få det under bakken. I tillegg må ein kunne kome til med båt. Det kjem mange turister. Ønskjer å realisere Hardangerbadet. «Alle skal vere med alle, då fungerer samfunnet»
  - FMHO: Må kunne køyre inn til sentrum, men kanskje til eit avgrensa område? Nokre område med trafikk, andre med sosiale møteplassar? Gode koplingar er viktig, rekreasjon og sosialt liv. Knytte saman begge sidene av elva, skapa liv i sentrum. Avgrense områda.

Kommunen er veldig bevisste på dei nemnde problemstillingane knytt til korleis skape gode tettstader. Korleis skape nye gode og funksjonelle møteplassar.

Kommunen ønskjer mellom anna å skape dei nye areala i sjøen gjennom utfyllingar

- FMHO: Det som vert presenterer her verker fornuftig. Men det vert viktig med grundige konsekvensutgreiingar.
- Kommunen er glade for innspel frå fylkesmannen, og at ein gjennom god argumentasjon og ku-utgreiingar kan sjå for seg sentrumsvekst ut i sjø.
- HFK: Det som gjer ein stad attraktiv er at ein klarar å fremje det unike / særskilde med området. Ein kan til dømes lage gode kulturhistoriske analysar (DIVE-analyse). Når ein har sikra kva ein har, kan ein sjå kor ein kan jobbe vidare, kva kan ein få til i høve til det ein allereie har. Kvam har mykje å byggje på, og dette er eit stort føremon i den vidare utviklinga. Masse gode historiske ankerfeste ein kan bygge vidare på. Viktig å vere merksam på kva ein har. Fylkeskonservatoren vonar KIK-prosjektet vert ein forankra del av det vidare arbeidet med KPA. Fylkeskonservatoren ønskjer å ha kontakt med kommunen framover.
- Det vart og diskutert utfordringar knytt til sesongbasert aktivitet (turistsesong med mange besøkande delar av året), lokalisering av areal til bubilar, konkurrerende interesser gjennom året, samvirkningar – ikkje store areal for bubilar som står tomme helve året.

### **Utnytting av LNF(R)-område:**

Korleis vise framtidige tilleggsnæringar? Korleis vise desse i kartet?

- FMHO: Om det er noko som er klart avskilt frå landbruksdrifta er det betre å ha eit anna formål.
  - Viktig med nær kontakt med aktørane som spelar inn. Veldig lett for å bomme på areala. Kan vere rom for å dispensere frå landbruksdrifta og heller ta det inn ved neste rullering.
  - Vær mest mogleg spesifikk, og ver tydeleg på retningslinjer. Vi kan ha samarbeid om dette framover.
  - Lokalisering er viktig, ikkje for store areal.
  - Kommunen må i stor grad gje rammene rundt det, ikkje opne for at ein plutselig får «feil»/konkurrerende næring inn i områder som ein til dømes.
  - Viss tiltaket får for stort omfang bør det ikkje vere Inf-spreitt. Og bryter det for mykje med landbruksdrifta bør det heller ikkje vere Inf-spreitt. Kommunen tek kontakt med FMHO eller HFK for direkte diskusjon i det vidare planarbeidet.

Faresonekartlegging av skred /Eksisterande bygg i område seinare er omfatta av skredsone?

- NVE: Vil anbefale å legge inn faresonene som omsynssoner i plankartet, iht differensiering frå NVE. Om det er eksisterande bustader som er svært utsatt kan det verte tale om sikringstiltak.
  - Om det er byggeområde i KPA som ligg i fareområde, er det likevel naturleg å ha det som byggesone, men viktig med klare føresegnar.
- HFK: Viktig å ha med seg fokus på overvasshandtering særleg i område der ein legg opp til tett utbygging og får redusert absorberande og fordrøyande overflater. Bør vere ein integreert del av sentrumsplanlegginga. Positivt med blågrøne strukturar.
  - Aktuelt med omsynssoner for særleg viktige landbruksareal?

### **Avslutning:**

HFK ved Per Nordmark orienterer om Forum for Regionsenter og Regionsenterringen i HFK. Initiativ for å gjennomføre regional plan og for å stimulere regionsenterkommunane.

Møteleiar Eva Katrine Taule takkar for ein veldig positiv gjennomgang, og er positive til at kommunen bygger vidare på arealstrategiane frå samfunssdelen. Vi står til rådighet for spørsmål og diskusjon i det vidare arbeidet.

Ordførar Kvam herad takkar for eit godt og konstruktivt møte, og eit godt utgangspunkt for det vidare planarbeidet.